



## Notat

Dato: 14.12.2015  
Arkivsak: 2014/20763-47  
Saksbehandlar: talhals

---

Til: Gudrun Mathisen

Frå: Tale Halsør

---

### Søknadar om støtte frå Klimaplanens HP 2015, CMR og Klimapartnar

Det er i dag, 14.12.15, kome inn to søknadar om støtte frå Klimaplanens budsjett 2015.

#### NORCOWE

Christian Michelsen Research AS (CMR) søker om støtte til konferansen Science Meets Industry Bergen 2016. NORCOWE, som CMR er verstsinstitusjon for, har organisert denne konferansen årleg sidan 2011 og den er etablert som møteplass for miljø med interesser innanfor havvindenergi. Finansiering av NORCOWE går ut tidleg i 2017 og det er dimed ikkje ressursar til å arrangere konferansen i 2016. CMR ønskjer å vidareføre denne møteplassen mellom industri, forsking og studentar.

Søknadssum er 100 000 kr.

#### Klimapartnar

Norsk Klimastiftelse søker om støtte til å få laga ein kortfilm om «Klimapartnarar Hordaland»-nettverket. Filmen skal nyttast til rekruttering av nye verksemder og for å synleggjere resultata frå nettverker så langt.

Søknadssum er 100 000 kr.

#### Vurdering

Klimaplan for Hordaland slår fast «Hordaland skal vere ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi» (Strategi 3.6.B) og under dette at «3. Utvikle og ta i bruk nye former og teknologiar for energiproduksjon og lagring av energi. Kompetanse, forsking og utdanning på energifeltet skal styrkast. Verkemiddel må sikre utvikling, produksjon og tilgang til marknad/sluttbrukar. Arbeide for betre vilkår for ny fornybar energi, som solenergi, offshore vindkraft, geotermi og bølgje/tidevasskraft.» Då fylkestinget vedtok ny Klimaplan for Hordaland 11.6.14 vart følgjande tilleggspunkt lagt til «7. Fylkestinget vedtar at arbeidet med potensiell vindkraft vert trekt sterkare inn i klimaplanen 2014-2030».

Gjennom Klimaplanen har vi få verkemiddel til å fremje potensiell vindkraft i fylket, eller styrke kompetanse, forsking og utdanning på feltet. Science Meets Industry Bergen er ein etablert møteplass for havvind-miljøa og er med på å definere Bergen som eit sentrum for denne næringa, både i Norge og mot utlandet. Vi vurderer at ei vidareføring av denne konferansen er ein måte vi kan bidra til å oppfylle dei vedtekne strategiane over.

Tilråding: støtte Science Meets Industry Bergen 2016 med 100 000 kr over Klimaplanens budsjett for 2015.

Klimapartner Hordaland er eit etablert tiltak for å oppfylle strategi 1.B. «Samarbeid mellom offentleg, privat og forsking og utvikling» og under dette «4. Klimapartner Hordaland – Forpliktande samarbeid mellom private og offentlege verksemder for å få ned klimagassutsleppa.» Det er vidare skildra i detalj som tiltak 1.2 i Klimaplanens handlingsprogram for 2015.

Hordaland fylkeskommune har hatt ei sentral rolle i utvikling av dette tiltaket, som er vårt einaste verkemiddel inn mot den største av utsleppssektorane: næringslivet. Di større nettverket vert, di større vert potensialet for å redusere utsleppa frå næringslivet i fylket. Ein promoteringsoffensiv vil vere med å oppfylle våre ovanfornemnde strategiar.

Tilråding: støtte Klimapartner Hordaland med 100 000 kr over Klimaplanens budsjett for 2015 for å lage promoteringsvideo.